



Lærdal kommune

Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
	Kommunestyret	

Sakshandsamar: Gaute Johnsgaard	Arkiv:	Arkivsaksnr.: 26/257 - 7
--	---------------	------------------------------------

Endring av samarbeidsavtale for Vest brann- og redningsregion KO

Kort samandrag:

Kommunane Aurland, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal har søkt om deltaking i Vest brann- og redningsregion KO (VBR KO). Opptak av nye deltakarar krev endring av samarbeidsavtalen. Representantskapet i VBR har vedteke dei føreslegne endringane, og saka vert no lagt fram for handsaming i kommunestyra.

Lærdal kommune har tidlegare handsama saka om deltaking i VBR KO. Kommunestyret gjorde vedtak i møte 26.03.2026 om å slutte seg til søknad om deltaking i samarbeidet. Endringane gjeld mellom anna oppdatering av deltakarar, justering av formål, endringar i styring og organisering, samt presiseringar av rutinar for opptak av nye deltakarar.

Kommunedirektøren si tilråding:

Lærdal kommunestyre vedtek endringane i samarbeidsavtalen for Vest brann- og redningsregion kommunalt oppgåvefellesskap-

----vert vald som kommunen sin representant i representantskapen for resten av valperioden 23-27.

-----vert vald som personleg vararepresentant i representantskapen for resten av valperioden 23-27.

Relevante dokument i saka

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.

Saksutgreiing

Vest brann- og redningsregion KO er eit kommunalt oppgåvefellesskap etter kommunelova kapittel 19, der representantskapet er øvste organ.

Lærdal kommune har gjort vedtak om å søkje deltaking i samarbeidet.

Opptak av nye deltakarar krev endring av samarbeidsavtalen. Dette skal handsamast etter følgjande føresegner:

«Forslag om endring av avtalen skal først behandles av representantskapet, og krever 2/3 flertall av de avgitte stemmer. Deretter skal forslaget sendes til deltakerne for godkjenning i kommunestyrene.»

Representantskapet handsama saka 16. april 2026 og godkjende samrøystes dei føreslåtte endringane. Endringane omfattar i hovudsak:

- nye deltakarar og oppdaterte eigar- og ansvarsdelar
- justert formålsføresegn med sterkare vekt på regionalt samarbeid
- endringar i reglar for representantskapet
- ny styreplass for dei nye deltakarane (ein representant frå den nye gruppa av kommunar)
- presisering av rutinar for opptak av nye kommunar
- språklege og juridiske presiseringar i avtalen Samarbeidsavtalen trer i kraft når han er godkjend av kommunestyra i alle deltakarkommunane.

Økonomiske konsekvensar

Vurdering

Lærdal kommune har allereie teke stilling til deltaking i Vest brann- og redningsregion KO gjennom vedtak i kommunestyret 26.03.2026.

Endringane i samarbeidsavtalen er ein føresetnad for at kommunen formelt kan bli teken opp som deltakar.

Endringane er i hovudsak ei tilpassing til utviding av samarbeidet og ei vidareutvikling av organisering og styring.

Eit utvida samarbeid vil kunna gi betre ressursutnytting, auka kompetansedeling og styrkt beredskap innan brann- og redningstenesta og arbeid mot akutt forureining.

Dette er i tråd med nasjonale føringar om meir regionalt samarbeid.

Kommunedirektøren vurderer at dei føreslåtte endringane er formålstenlege og legg til rette for eit meir robust og føreseieleg samarbeid i regionen.

På denne bakgrunn vert det tilrådd at Lærdal kommune godkjenner endringane i samarbeidsavtalen.